



## Oppsummering etter drøftingsmøte

Sak: Reguleringsplanønskje – utviding av Måløy storsenter.

Tid: 19.11.2012.

Stad: Videomøte mellom møterom Jølstra, Fylkeshuset (Leikanger) og møterom hos LocalHost i Måløy.

Til stades:

Morten Hagen, Arne Åsebø – Vågsøy kommune,

Per Gunnar Frantzen - Måløy Storsenter (tiltakshavar),

Per Arne Lefdal, Arve Nygård, Øyvind Reed, Amund Gotteberg – samarbeidsgruppe Måløy sentrum, samt Gregor Kummen - rådgjevar for sentrumsgruppa,

Nils Erling Yndesdal og Arnt Erik Nordheim – Fylkesmannen (FM) Sogn og Fjordane,

Mona Steinsland, Trond Sundby og Torbjørn Hasund - Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### Bakgrunn:

Regelverksorientering frå FM. Trong for å gå gjennom og diskutere innhaldet i fellesskap.

### Oppsummering:

Åsebø sa litt om bakgrunnen for møtet. Politikarane positive til oppstart av utviding av Måløy storsenter, samstundes som dei oppmoda om at sentrumsinteressene må samle seg og møte denne utfordringa. Trong for avklaring om det juridiske speleromet og høve for tiltakshavar til å kome i mål med tenkt planarbeid. Samstundes klargjering av brevet frå FM.

Orientering frå sentrumsgruppa ved Reed om korleis dei tenkjer.

Yndesdal (FM) informerte om den skriftlege attendemelding dei har gjeve.

Regelverksorienteringa. Kjøpesenterforskrifta er sentral. Klare signal frå statleg hald (departement) om at forskrifta skal handterast restriktivt. Nemnde også fylkesdelplan for arealbruk (fylkesdelplanen) som utfyller forskrifta og som også gjev litt friare tøyalar. Med dei opplysningane som no ligg føre, vil FM nytte motsegn til ein eventuell reguleringsplan. Men ei framtidig konsekvensutgreiing KU som del av planarbeidet, og opplysningar som kjem fram i denne, vil verte lagt til grunn.

Frantzen: Meiner det i fylkesdelplanen vert lagt opp til forskjellshandsaming mellom ulike sentrum i fylket, og viste til Nordfjordeid. Vågsøy taper i handelskonkurransen mot kringliggande kommuner.

Sundby (fylkeskommunen) kunne ikkje vise til grunngeving for denne skilnaden i fylkesdelplanen, men uansett skal faglege tilrådingar i den, og konsekvensutgreiing i planforslaget, ligge til grunn.

Frantzen: Måløy storsenter er i stor grad eit stormarked, med få vanlege butikkar. Senteret trekk meir handel mot Måløy, inkludert sentrum. Butikkane som har trekt ut av Måløy sentrum, hadde trekt ut før kjøpesenteret vart bygd.

Kummen: fylkesdelplanen er spesiell ved å trekke ut nokre få sentrum og opnar for kjøpesenter med areal utover kjøpesenterforskrifta.

Åsebø: ikkje vedteke konkret sentrumsgrense i gjeldande arealdel til kommuneplanen, frå 2002. Men ei avgrensing av Måløy som by, i samband med søknad om bystatus (1997). I kommuneplanen frå 2002 er det lagt inn at det skal utviklast ein sentrumsplan for Måløy og området for sentrumsplanen vist med arealføremål "Bykjerne". Dette området er kun på Vågsøya og ikkje over på fastlandet.

Nordheim: Om KU konkluderer med at kjøpesenteret ligg innanfor det som naturleg er ein del av Måløy sentrum, vil det vere mogleg opp til 10 000 m<sup>2</sup> etter fylkesdelplanen.

Åsebø: Det er ikkje laga handelsanalyse førebels i prosessen om kjøpesenterutviding, men krav til handelsanalyse vil kome til konsekvensutgreinga for reguleringsplanen.

Sundby refererte frå pkt i) i fylkesdelplanen. Også ein klar politisk intensjon med pågåande sentrumsplan om å skape liv i sentrum, og ei konsekvensutgreiing vil vise om utviding av kjøpesenter vil vere negativ i høve føremålet med planarbeidet i sentrum.

Åsebø oppsummerte diskusjon rundt bordet. Den stadfestar det rådmannen har synleggjort i drøftingssak ovanfor planutvalet, at FM på det grunnlaget som no ligg til grunn, vil måtte fremje motsegn. Med atterhald om nye moment i ei konsekvensutgreiing til planen. Politikarane i planutvalet ønskjer å opne opp for planarbeid for kjøpesenterutviding, til tross for dei reservasjonane som rådmannen har kome med. Det er no opp til tiltakshavar å vurdere det som kjem fram i regelverksorienteringa frå Fylkesmannen og det som er kome fram i møtet i dag, og avgjere om dei likevel ønskjer å starte opp arbeidet med reguleringsplan.

Frantzen ville ha ny runde på kvifor det i fylkesdelplanen vart sett opp ein skilnad mellom dei ulike sentra i fylket.

Sundby: fylkesdelplanen vart vedteken i 2000, men veit ikkje om det vart gjort ei grundig handelsanalyse i høve Eid. Konsekvensutgreinga som vil vere det viktigaste grunnlaget for å synleggjere konsekvensane for sentrum.

Yndesdal: FM, fylkeskommunen og kommunen må halde seg til fylkesdelplanen, som er godkjent i Miljøverndepartementet.

Diskusjon om korleis fylkesdelplanen konkret på dette punktet skulle tolkast:

Sundby: Kjøpesenter for detaljhandel kan etablerast innanfor sentrum i Måløy, inntil 10 000 m<sup>2</sup>. Det skal ikkje etablerast kjøpesenter utanom sentrum eller tettstader i fylket. Sundby kopla avgrensinga av sentrum til plangrensa for områdereguleringa som er under utarbeiding for sentrum.

Hagen meinte også at avgrensinga av sentrum no var lagt i samband med avgrensinga av områdereguleringssplanen for Måløy sentrum. Den avgrensinga inkluderer ikkje fastlandet. Dersom kommunen i framtida oppnår den folkeveksten dei ønskjer seg, kan det vere at sentrum seinare vert definert som eit større område.

Sundby: fylkesdelplanen står til den er avløyst.

Kummen - Opprinneleg kjøpesenterstopp var tidsavgrensa til 5 år (1999 – 2004). Innafor den perioden skulle kommunane definere sentrumsområdet rundt tettstader i kommuneplan. For Sogn og Fjordane fylke sin del avløyste fylkesdelplanen kjøpesenterstoppen i 2002.

Åsebø: referat frå dette møtet vert teke med i eit eventuelt oppstartsmøte med plankonsulent og tiltakshavar.

Yndesdal oppmoda om å ta kontakt vidare med Fylkesmann og fylkeskommune, men det er ikkje aktuelt for FM å kome med meir skriftleg attendemelding før formell planhandsaming (oppstartvarsel).

Møteslutt 13:30

Referent:  
Arne Åsebø  
Planleggjar  
Vågsøy kommune